



## Referat frå regionalt planforum 1.desember 2022

Sak	Bygland kommune – kommuneplanens arealdel -mellomfase
Tid	Kl. 12.00-13.00
Til stede:	<b>Bygland kommune:</b> Sonja Skjevraak <b>Agder fylkeskommune:</b> Ingvild N. Skjong (møteleder), Ingunn D. Håkonsen(referent), Cecilie Svendsen (plan), Joakim Wintervoll(arbekeologi), Elin Finne (nyere tid), Katrine S. Gunnarsli (berekraftig utvikling), Steinar Randby(berekraftig utvikling), Terje Johnsen(næring) <b>Statsforvaltaren:</b> meldte avbod pga. nasjonal konferanse i Oslo. <b>Statens vegvesen:</b> Solveig Hellevig
Diskusjonstema	KU, spredt boligbygging, næring
Sendt til	Agder fylkeskommune(AFK), Statsforvalteren(SF), NVE, Statens vegvesen(SVV), Kystverket, Fiskeridirektoratet(FD), Kartverket

Bygland kommune presenterte bakgrunnen for revisjon av kommuneplanen og korleis dei har jobba med dette med tanke på styringsgrupper og medverknad. Dei innleidde om utfordringar knytt til innbyggartalet, som er på veg nedover og at kommunen òg har ein nedgang i arbeidsplassar. Dei ønskjer å snu denne utviklinga, med mellom anna arealdelen. På spørsmål om strategiane på samfunnsdelen var nyttig i arbeidet i arealdelen, meinte kommunen at dei ønskte ei ytterleg synleggjering av kva dei ønskjer og at desse burde vore meir spissa.

Kommunen hadde fleire tema som dei ønskte tilbakemelding på:

- Konsekvensutgreiing
- Næringsutvikling
- Bygging langs RV9
- LNF – spreidd bustadbygging

Statsforvaltaren har gitt ein del innspel pr. brev, og hadde skriftleg informerte at dei er tilgjengeleg om det er noko anna kommunen lurar på.

- Info frå fylkeskommunen i møtet:
- Hugs godt kunnskapsgrunnlag i KU.
- Minner om kulturminne i konsekvensutgreiinga for nye arealinnspele
- Positiv til ein \*sti- og løypeplan.
- Informerte om ny kunnskap med omsyn til villrein
- Kjem ny regional plan for senterstruktur og handel på høyring, kommunen kan peika ut senterstrukturen sin. Det er auka medvit omkring myr og det har vorte større fokus på utnytting av eksisterande areal. Klima og miljø-krisa er her. Tips om å ta ut område med verdifull natur.
- Kontaktperson mot akvakultur er oppretta.

- Ang. bygging langs RV9 etter innspel til arealdelen, blir kommunen oppmoda å tenkja heilskapleg. Byggjegrense langs veg bør gjera tydeleg i arealdel. Det kan sikrast med grøntområde imellom, slik at ein ikkje kjem for nært.
- Ved bygging av småkraftverk, bør kommunen òg sjå på influensområde når dei set av areal. Tiltaka kan påverka andre interesser.
- Godt rettleier på spreidd bustadbygging i LNF – oppmodar til å sjå nærare på ho. Ei omsynssone for kulturminne og landskap (ref. KULA) kan positivt for kommune og eit tilskot for omsynssone bygdeutvikling.
- NVE bør kontaktast for rettleiing ang. naturfare og bygging langs fjorden, jf. ROS.

Ferdig referat